

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 6

Advent 2021

Årgang 87 år



Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Joh. I.9



Maria – midt i musikken!
S. 4-6



Jul i Bruktbuo
S. 7



Familieaktivitetar og arrangement i advent
S. 10



Julegåve til brannskadde barn
S. 14-15



2021 – året for julekonsertar!
S. 18

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjør 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanylbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

EI KROPPSLEG JUL

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!




*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*



Fusakalenderen

Fusakalenderen 2022 er komen for salg! Motivet i år er frå Hopsliheddo og har utsikt utover Samnøy, Ådlandsfjorden og mot Bjørnafjorden. Biletet er teke av Harald Hope, som med dette bilete vann tevlinga om å pryda årets kalender, i sterk konkurranse med 26 andre bidrag. Takk til alle innsendarar og takk til juryen.

Kalenderen får du m.a. kjøpt på kyrkjekontoret. Den kostar kr. 150 og inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i soknet.



Bøker frå Anders Holmefjord

Anders Holmefjord gav i fjor ut boka «Dagar i desember», ei diktsamling med julevers. Dei 32 juledikta som har fått plass i boka har blitt til gjennom dei siste 40 åra, og til kvart dikt er det knytt eit illustrasjonsbilete. Desse har Anders anten har teke med kamera eller det er akrylmåleri han har måla sjølv.

Boka er gjeven ut av Anders sjølv gjennom Alpha forlag. Den er ei flott julegåve! Du får kjøp denne boka di-

rette hos Anders (aasand@fusi.no) eller hos Welcome Home på Fjord'n senter for kr. 220,- Overskottet går til Ungdom i Oppdrag sitt misjonsarbeid v/Helga og Rob Lobaugh.

I år har Anders gjeve ut ei diktboka «Eg går» på Lyrikkforlaget. «Har du tenkt over i kor mange samanhengar



Ikke alle barn gleder seg til jul



Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Illustrasjonsfoto

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



vi brukar ordet gå eller tilsvarende uttrykk for det å bruka beina? Eller kor ofte vi brukar desse orda i overført tyding? I denne boka blir du med på ei vandring frå ytre til indre landskap.»

Denne boka får du òg kjøpt i dei fleste bokhandlarar/nettbokhandlarar.



Illustrasjonsfoto



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

fosterheim.no



Den syngande pedagogen

Det er musikken som skal føra oss nærare inn på Maria. Eg bad ho velja ut 4-5 musikkstykke som står henne spesielt nær, og fortelja om seg sjølv ut ifrå dei. Her er det som kom fram.

(NB! For å få best mogleg utbyte av intervjuet, er det lurt å søkja opp musikken på nettet, dersom du har høve til det, og lytta til dei før, under eller etter lesinga. Då skjønar du betre både Maria og kvifor ho valde som ho gjorde.)

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

Nimrod av Edward Elgar

Fireåringen Maria stod midt på stovegolvet og strigrein. «Kva er dette?» minnest ho sjølv at ho tenkte. «Kvifor grin eg? Det har jo ikkje skjedd noko gale.»

Ut i rommet ljoma *Nimrod* av Edward Elgar, og det var den som hadde ført barnet inn i tårene. Ikkje noko gale i det, nei, berre starten på ei rad musikalske forføringar Maria har vore utsett for.

«Både foreldra mine og eg merka tidleg kor sterkt musikk verka på meg. Det finst eit fotografi av bittevesle meg med svære høyreklokker på. Der var eg – heller enn ute på leikeplassen.» Og der er ho enno, kanskje ikkje med musikk-klokkene synlege på seg, men alltid med musikk i seg, og veldig ofte piplar det ut av ho òg.

«Musikken har forma meg. Den er med meg i kvardagen, og det er den eg får styrke av. Slik andre går ut i naturen, mediterer eller tyr til andre kjelder, slik søkjer eg musikken når eg treng ekstra kraft. Særleg musikk som har ein bodskap i seg, betyr mykje for meg. Musikk som ber med seg ei historie, som vil fortelja noko.» Det er nok difor musikalår, med sine innebygde, samanhengande historier, står henne så nær.

I *I dreamed a dream* frå musikalen «Les Miserables»

«Mi fyrste magiske musikal-oppleving hadde eg som niåring. Mor og far hadde tatt meg med til Det norske teateret i Oslo for å høyra «Cats». To år etter var me der igjen, med «Les Miserables» på scena. Det slo alle tidlegare opplevingar, og sidan den stunda har eg levd saman med nett dette verket. Det er ein musikal som fortel noko om menneskelivet. Spesielt karakteren Fantine fengslar meg. Ho er komen skeivt ut, men møter hjartegode menneske som tar vare på henne og barna hennar.»

Med «Les Miserables» opplevde Maria at musikk ikkje berre kan føra mennesket nærare seg sjølv og sitt indre; den kan også visa ein verda, og få ein til å utforska andre. Ein dag på biblioteket oppdaga ho at Victor Hugos roman «De elendige» faktisk var «Les Miserables». Den boka måtte ho sjølvsaft lesa, og i flukt med den ein masse om den franske revolusjonen. I tillegg vekte musikalen ambisjonar og utferdstrong.

«Eg ville bli musikalartist, og saman med ein kamerat reiste eg til London for å gå på audition. Songen og spelet gjekk fint. Så kom dansen.... Ein katastrofe! Eg kjende det på meg sjølv, og såg det også på dei andre, at dette ikkje kunne gå min veg; dei andre var London-jenter som hadde øvd dans sidan dei var tre, og kledd og klar til kva opptrinn som helst.» Tilbakemeldinga overraska difor ikkje. «Eg bestod krava til song og skodespel, men før eg kunne prøva meg igjen, sa dei at eg måtte ta to års utdanning innan dans. Det var eg ikkje interessert i.»

I staden høyrdde ho på dei som hadde oppdaga at ho også hadde eit talent for formidling til barn, og dermed søkte ho seg til Lærarhøgskulen i Bergen, på musikklinja sjølvsaft. Med «Les Miserables» stadig brusande i blodet var Maria uhyre godt budd då nett den musikalen - heilt tilfeldig -



vart sett opp på skulen hennar i år 2000. Det vart lyst ut til audition. Giss kven som møtte opp der, og kven som fekk rolla som Fantine!

Du måste finnas frå musikalen «Kristina frå Duvemåla»

Ei anna kvinne frå musikal-universet som fascinerer Maria, er Kristina av Duvemåla som har fått ein heil musikal oppkalla etter seg. I den er romanane «Utvandrarane» og «Nybyggjarane» av Vilhelm Moberg arbeidd om til musikkspel av Benny Andersson og Björn Ulvaeus frå Abba.

Til liks med Fantine tar Kristina vare på håpet midt i all ulykke og naud.



Foto: Privat



Kristina er full av tillit og insisterer på at det finst ein gud som alltid er med oss skrøpelege menneske. Ho nektar å gje seg over til sinne og fortviling. I sommar song Kristina songen sin, *Du måste finnas*, under open himmel på Moster, og giss éin gong til kven som var med i ensemblet! Då Maria fekk nyss om at stykket skulle setjast opp så nær henne, melde ho seg sporenstreks og sa: «Eg kan koka kaffi eller gjera kva som helst, berre eg får vera med!» Det fekk ho, og ho vart ikkje plassert på kjøkenet, men fekk rolla som Märta, Kristinas svigermor. Maria sjølv er inhabil i å evaluera fram-syningane på Moster, men skal ein tru dei mange som tok turen sørover for å oppleva den storslåtte oppsetjinga, var det fortryllande kveldar.

Midt i mørket av og med Marthe Wang

Det neste musikkstykket Maria trekker fram, fører oss tilbake til tenåra og hennar andre heim i den tida: Ynglingen KFUM/KFUK i Gjøvik og Ten Sing-miljøet der. Songen *Midt i mørket* var ein av mange som vart laga til Ten Sing sitt 50-årsjubileum i 1998, og sett med Maria sine auge, var det akkurat den som trefte blink.

«Den songen oppsummerer det Ten Sing var for meg gjennom oppveksten, og den styrken eg fekk der. Måten dei vaksne møtte oss på, var verkeleg med på å løfta oss. Dei såg heile tida den enkelte ungdommen som stod framfor dei, og var nysgjerrig på han eller ho: «Kven er no denne Maria?». Men dei såg også vidare, som om dei heile tida tenkte: «Kva kan Maria gjera og bli? Kva oppgåve skal ho få? Er ho kanskje ein dramatikar?» Ja, kanskje det, fann dei ut. Så fekk eg reisa på dramakurs. Det var stort for ein 14-åring!» Det som var vel så stort, var at ho etterpå fekk instruera eldre tenåringar, og at dei villig tok imot.

Åra med Ten Sing gav Maria ei ro, både som menneske og som kristen. «Når eg kjende at grunnen vakla, visste eg at dit kunne eg alltid venda tilbake. Der hørde eg til, og det var den samkjensla som fekk trua mi ned på jorda. Eg var i grunnen gan-



ske skeptisk til mykje av det Bibelen fortalde. Det verka altfor svevande og fjernt for meg, - det å gå på vatnet, for eksempel. Det me song i Ten Sing viste at kristendomen ikkje berre handlar om å tru på mirakel som skjedde for lenge sidan; trua kan vera eit fundament i livet til den enkelte og bety noko akkurat her og no.»

Marthe Wang syng i *Midt i mørket*:

For Gud, du ser oss, våre tanker, alle våre sår

Du er med oss, holder hånden vår hvor vi enn går.

[...]

For Midt i mørket, der kom du til oss

Du viste oss en vei,

Med mot og vilje til å være meg.

Er det ikkje som ein høyrer Marias andre favorittar, Fantine og Kristina, syngja med?

Det at Marias eigen far hadde vore med og starta Ten Sing i Gjøvik i 1968, trekkjer ho ikkje fram som ein særskilt grunn til at ho vart engasjert der. Dei gedigne konsertane derimot – dei hadde draging på dottera! Då som no elska ho å stå på scena og formidla. «Så det var rett og slett heile pakka,» konkluderer ho. «Eg vart utfordra, eg kjende at eg hørde til, og trua mi vart handfast og sterk.»

My Life is in Your Hands av og med Kirk Franklin

Songen følgde sjølvsgatt med Maria då ho flytta til Bergen for å studera, - ein veldig lett og veldig viktig bagasje. På



eit Ten Sing-seminar like før ho drog vestover, kom to unge bergensarar bort til ho og sa dei hadde høyrte rykte om at ho skulle over til dei. Ville ho ikkje vera med i Ten Sing i Slettebakken menighet? Jau, det ville ho.

«Desse to fekk meg til å trivast i Bergen frå fyrste stund, og til å bli verande der trass regnet. ALT var vått!» For fyrste gong i intervjuet er ho ein smule arg i røysta. «Alle kleda mine! ALT!» Det var uvant for ei som var vaksen opp ved Mjøsa. Dei syngjande bergensarane på Slettebakken gjorde likevel at ho kjende seg brukbart hei-

me på Vestlandet, og som de ser på bilda, kler Maria utruleg godt regnkåpe, så sett utanfrå er nedbør inga ulempe for ho.

I Bergen kom Maria også med i eit gospelkor og oppdaga musikaren Kirk Franklin for fullt. «Han uttrykker forholdet sitt til Gud på ein måte som klaffar med mi tru: Ikkje uroa deg, kvar dag har nok med si plage. Sjå på det du har, og ver trygg på at Gud er med deg. *My life is in your hands*, syng han.»

«Forresten høyrer eg på alt, så lenge det blir formidla godt. Eit eksempel er Marja Mortensson. Ho er sørsame, og eg skjønner ikkje eit ord av det ho syng, men det rører ved meg likevel. Og eg bruker musikk til alt. Abbas *Dancing Queen* eignar seg godt til husvask, og ein gong eg ville forbetra gym-karakteren min, fann eg fram noko Heavy Metal og begynte å springa. Den sjangeren er dessutan den beste til å få ut frustrasjon i staden for å tærast opp av han innvendig.»

Mot slutten av samtalen lurar eg på om ikkje eitt av dei musikkstykkene ho vil trekkja fram, er noko ho har laga sjølv. Då ler Maria hjarteleg, og innrømmer at ho har komponert noko, - ein melodi til ein dâpssong - , men den er ikkje blant dei stykkene som har prega henne mest gjennom livet.

«Det er ikkje som komponist eg gjev mest og best av meg sjølv; det er som formidlar.» Det er bindeleddet mellom musikkverka og menneska Maria vil vera, den som gjev liv til musikken og viser andre folk vegar inn i han, - ein sann pedagog altså, ikkje berre for elevane sine, men for alle som høyrer henne musisera.

Marias julefavorittar

Candlelight Carol av John Rutter
Den mørkaste tida av Sigvart Dagsland og Karoline Krüger
Desemberstemninger juleplate med Ole Edvard Antonsen

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Os Gravferdsbyrå as



Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsoen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspøleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>





Jul i Bruktbuo

Jula er komen i Bruktbuo. Her kan du finne nostalgisk julepynt, moderne juleklede og ikkje minst mange ulike julegåver. Me har også redesign og heimestrikka produkt til salgs, samt gavekort. Hugs på oss neste gong du er i Eiklandsosen. «Bra for lommeboka og miljøet».



OPNINGSTIDENE til Bruktbuo er:

Torsdag 12-18
Fredag 11-17
Laurdag 11-14

(Opningstider i juletida kan fråvike, følg opp på facebook for oppdatert informasjon).



Bruktbuo Fusa

Eit anna godt julegåvetips er Etiopisk kaffi til inntekt til Childers burn & Wound care foundation.



JULELODBOK:

Har du lyst å vinne fine heimalaga juleprodukt, samstunes støtte ei god sak?

Kjøp lodd på loddboka til Bruktbuo. Den skal trekkjast torsdag 16. desember kl. 12:00 i Bruktbuo.

10 kroner per lodd, du kan kjøpe lodd i Bruktbuo, eller Vipps til 542161, hugs å merk betalinga med «julelodd».

All inntekta går til brannskadde born prosjekta i Etiopia (Childers burn & Wound care foundation).

Oversikt over gevinstar:

1. Juleduk
2. Dametrøye i strikk
3. Hekleteppe + pute
4. Sitjeunderlag + strikkesokkar
5. Juletreduk
6. Raud stikkegenser til born + hals
7. Sitjeunderlag + strikkesokkar
8. Gryteklutar + strikkesokkar
9. Strikkehue + strikkesokkar til born
10. Veggilde
11. Strikkehue + strikkesokkar til born
12. Uro i julemotiv + strikkesokkar
13. 2 par strikkesokkar



*Alle gevinstane er laga av restegarn og halvferdig handarbeid som er komen inn i butikken. Ein stor takk til alle som har vore med å bidrege, og til deg som kjøper lodd.



Bruktbuo treng fleire medarbeidarar

Å vera medarbeidar i Bruktbuo er sosialt og kjekt. Ein treng ingen forkunnskapar om det å jobba i butikk.

Ei vakt i Bruktbuo varer i tre timar, og ein bestemmer sjølv når ein ynskjer å ta vakter.

Me treng frivillige frå begge kjønn og i alle aldrar.

Bruktbuo Fusa



Fusa frivilligsentral

Fusa frivilligsentral er eigd av Fusa sokn, og held til i 2.etg på Fjord'n senter. Me driv bruktbuikken Bruktbuo, og har også eit mangfald av ulike aktivitetar. Nedanfor ser du nokre av aktivitetane som er aktuelle no:



KVA SKJER:


Torsdagskafè

Velkommen til Torsdagskafè på Nordtveit skule 25.november frå kl. 14:00-16:00. Her blir det kaffi og noko godt å bita i. Sardinene singers kjem å spelar fin musikk for oss. Denne dagen får me også besøk av Isabell Instøy og Åshild Øvrebotten som kjem for å informera om velferdsteknologi. 50 kroner i inngong.



Open hall for ungdom

Anna kvar onsdag frå 15-17 er det open hall i Fjorden arena for ungdom i alderen 13-19 år. Ungdommane får seg ein liten matbit når dei kjem, og deretter kan dei delta på valfrie aktivitetar. Døme på aktivitetar er klatring med instruktør, E-sport med FULK-gruppa, brettspel, bordtennis, Air-hockey og ballspel. Tilbodet er gratis. Datoar som er sett opp til Open hall før jul er: 1.desember og 15.desember. Håpar me sjåast!



Spisevenn

Er du 65+, og ynskjer du nokon å ete middag saman med?

Om lag ein gong i månaden etter nyttår blir det dekkja til middag og dessert i lokala på Fusa vidaregåande. Middagen tek til kl. 12:00, og kostar 50 kroner. Maten vert laga og servert rett frå skulekjøkkenet av elevar på skulen. Elevar frå helse – og omsorgslinja er med som vertar under måltidet. Har du lyst å vere med på ei koseleg stund saman med andre eldre, og få servert god mat? Ta kontakt med Fusa frivilligsentral på 92093716. Til informasjon kan ein få gratis dro-sje om ein treng det.



Følg oss på sosiale medier for oppdatert og meir informasjon om våre aktivitetar!



Fusa frivilligsentral



Fusafrivilligsentral

Matgåve til jul – matglede til jul

For fjerde året på rad steller me i stand matgaver til jul til familiar i lokalmiljøet som ikkje har så mykje å rutte med. Etterspurnaden etter matgaver har auka for kvart år. I 2020 dela me ut 20 matgaver til enkeltpersonar og familiar i Fusa. Me trur at behovet i år blir lika stort, om ikkje større.

Har du lyst å vere med å glede nokon til jul? Då kan du mellom anna VIPPSE til 90436, merk med «matgåve». Ein kan også setje ein sum inn på kontonummer: 3530.25.86215. Det vil i tillegg bli sett opp ei handevogn ved Sparbutikken på Fjord'n senter slik at ein kan donere/gje matvarer der.



Kunne du/din familie tenkje seg ei matgåve før jul?

Me treng ingen begrunnelse over kvifor du kunne tenkje deg ei matgåve. Det einaste du treng å gjere er å melde det inn til dagleg leiar på Fusa frivilligsentral. Det kan gjerast på telfon 92093716, eller på e-post Fusa.frivilligsentral@kyrkja.no. Tilbodet er underlagt teieplikt, det er ingen andre enn dagleg leiar og eventuelt sokneprest som veit om kven som får matgaver, då det er dei som deler ut matgåvene.

Arr.: Fjord'n senter, Nav Bjørnafjorden, Fusa sokneråd og Fusa frivilligsentral.



Adventsaktivitetar for born og familiar i Fusa kyrkjelyd

Utdeling av adventsgåve

Har du ein 3- åring i huset? Før 1. søndag i advent vil de få besøk til heimen av nokon i kyrkjelyden. Dei som er 3 år i år, vil få ei lita adventsgåve som dei kan bruke når dei ventar på at jula skal komme. Håpar de vil setje pris på besøket.



Søndagsskule i skauen

Søndag 5. desember er alle velkommen til sporløp og tur til Hadlo ved Hålandsdalen Montessoriskule. Me går frå parkeringsplassen kl. 13.00. Undervegs vert det sporløp og når me kjem fram samast me til ei kort søndagsskulesamling. Etter samlinga kan dei som vil spidde pølser på bål. Ta med mat sjølv.



Juleverkstad

Fredag 10. desember klokka 16.30 – 18.00 inviterer me til juleverkstad i Ekelandsosen bedehus. Dei som går i 3. klasse, vil få ein spesiell invitasjon i posten. Me startar samlinga med bolle, kakao og forteljing for så å dele oss i stasjonar der me blant anna vil lage julepynt, julekort og julepresangar.



Juleverkstaden vil passe for born mellom 2.- 5. klasse. For å berekne utstyr, ber me om påmelding innan 1. desember. Me har eit tak på 30 ungar. Fyrste mann til mølla får plass. Send påmelding til post.fusa@kyrkja.no eller SMS til 91637713 (Norunn).



Klubben

Tweensklubben på Ekelandsosen bedehus har si siste samling før jul same kveld som juleverkstaden, den 10. desember kl. 19.00- 21.00. Velkommen til 5.-7. klassingane til kiosk, aktivitetar og adventskos.

Luciadagen

Måndag 13. desember, på Luciadagen, inviterer me 6.-7. klassingane til samling i Sævareid kapell k.l 17.00. Det blir fokus på Lucia og hennar historie, me skal støype skikkelige lys og avslutte samlinga med å gå i fakkeltog ned til låven til Lillian. Her et me lussekattar og drikk kakao. Håpar mange vil vere med. Dei som går i 6.-7. klasse vil få invitasjon i posten. Det blir påmelding!

Gler oss til å sjå dykk! Venleg helsing Norunn og Eirun



JULEFEST

Velkommen til julefest på
Eikelandsosen bedehus,
man. 27. des. kl. 18.00.

Det blir tale og song,
god mat, juletre-
gong og godtepose
til barna.



Arr: Festkomiteen



Enkelte periodar i året er meir travle enn andre for prestane, og juletida må seiest å vera ein slik periode. Ein tidlegare Strandvik-prest var komen til siste søndag før jul då han under gudstenesta orsaka seg for at han ikkje hadde fått vitja alle sjuke og gamle i soknet no i førjulstida. Dette ville han rette på og sa at «dersom nokon treng ein samtale med presten i romjula kan de berre rekke opp handa no.» Det var berre ei som rekte opp handa etter denne oppfordringa: prestefrua.

Open kyrkje i Strandvik

Kvar tredje tysdag i månaden vil Strandvik kyrkje vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys, sitje stille i ein benk og høyre på musikk framført i ulik storleik og fasong.

Dei tre fyrste datoane i det nye året er:

18. januar

15. februar

15. mars


Fylg elles med i lokalavisa og på soknet si Facebookside.

BARNESIDA

FARGELEGG



Les juleevangeliet (Lukas 2,1-20) saman med ein forelder eller saman med heile familien gjennom advent. Dette er lurt som ei påminning om at jula eigentleg handlar om at frelsaren vår, Jesus, kom til verda.



Sjå juleevangeliet som teiknefilm!

Skann QR-koden eller bruk denne

adressa: <https://youtu.be/AFquhdsBbi8>



VITSAR



Det var ein gong ein snømann som spurte ei snødame om ho ville vera med på ball. Snødama spurte då: - Kva ball? Snømannen svarte: - Snøball

Svensken fekk vanskil til jul i fjor. Han har sidan den tid vore på utkikk etter sjø med utforbakke.

Kva er raudt og kvitt og reiser gjennom lufta på julafta? – Rudolf i ein snøstorm

DEN PERFEKTE KOPPEN MED KAKAO PÅ EIN KALD KVELD:

I plate freia melkesjokolade

II mjølk

I ts vaniljesukker

Knekk opp sjokoladen i ein kjele

Hell mjølk over sjokoladen

Rør heile tida mens sjokoladen smeltar

Tilsett vaniljesukker når sjokoladen er heilt smelta

La det småkoke i 5 minutt

Server med krem og marshmallows



STRANDVIK

Transport og Maskin AS

☎ 5643 STRANDVIK ☐ strandvik.no ✉ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 ☐ 918 44 000 ☐ 900 12 126 ☐ 918 18 592



Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund
Tlf. 97 59 24 88
E-post: post@nhstrykk.no
Alt i trykksaker

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no



BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

SPAR

Fusa

Man-fre **8-21**
Lørdag **9-20**

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjertnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook 

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slekning eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!

*En verdig og
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no

www.solheimelektro.no



Tønnegarden





Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord

Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, holdtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

  Følg oss på facebook og instagram.



Tombre

www.tombre.no

SPAR 

Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no

www.leiglandbygg.no

*Fusa og
Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSSEN

Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555


Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no


 Hordaland Rørteknikk AS



 56 58 09 90

 hordalandrorteknikk.no

 post@hrt.as

 Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.



HJELP BRANNSKADDE BORN I ETIOPIA!

**MÅL FOR INNSAMLINGA:
KR.100.000,-**

Vi i Fusa held fram med å samle inn midlar til operasjonar og nødvendig mat til borna! Dette er eit samarbeid mellom Bruktbuo, Fusa frivilligsentral og Fusa sokneråd.

Tekst: Harald Geir Sæther
Foto Einar Eriksen

Det er kome ei helsing til alle i Fusa frå dr Einar Eriksen, kona Lillian-Rose og styreleiar Hans-Petter Schjelderup. Det er ei takkehelsing – det er ei helsing med informasjon – det er ei helsing med ønskje om framleis samarbeid med Fusa sokn og Bruktbuo for å kunne gje flest mogleg born og familiar hjelp. Midlane som er kome inn gjennom Bruktbuo, «Walk and Run», basarar, loddsal, næringsliv, kommune og andre innsamlingsformer har gitt ein ny start for mange born og familiar! Dette har dei aller fleste av oss i Fusa fått vere med på! Etiopia er eit land med store utfordringar om dagen, men arbeidet med å hjelpe brannskadde born og vaksne har halde fram gjennom koronatida og elles i urolege tider for landet. Det er utdanna både lokale legar og anna helsepersonell ved hjelp av innsamla stipendmidlar frå oss i Fusa, noko som har bidrege til at arbeidet ikkje har stoppa opp. I samtale med Einar Eriksen 31.oktober er der særleg to akutte behov han nemner:

1. Det finst ikkje sondeamat på sjukehusa, og der er store utfordringar med anna mat til barna som både skal opererast, og som er opererte. Det gjeld sjukehusa i Hagere Mariam og i Arba Minch.

2. Så opplever dei at fattige familiar blir avvist ved ankomst til desse sjukehusa då dei ikkje kan betale for seg. Dette kan ikkje Children Burn & Wound Care Foundation stå å sjå på. Det er ønskje om å få

ØNSKJER DU Å GJE EI GÅVE?

1. Vipps til Fusa sokn - #699949 – Kategori «Brannskadde barn»
2. Bruk giroen i bladet
3. Betal til Fusa sokneråd sin bankkonto 3530 25 86215, merk gåva "Brannskadde born".



Weto (15 mndr) med store og alvorlege brannskader på nakke og rygg. Dei første operasjonane er gjort, og det trengs minst ein operasjon til. Jenta får hjelp til ein ny start i livet.



eit fond på plass som skal brukast til å sikre at ALLE kan få hjelp, uansett om dei har pengar eller ikkje.

Einar Eriksen seier at kr.100.000,- i året er tilstrekkeleg for å sikre både mat og at alle kan kome inn på sjukehuset – uavhengig av sin personlege økonomi. Dette ønskjer Fusa sokneråd å ta tak i og bidra til, slik at alle skal få rett til nødvendig helsehjelp,

og at borna får nødvendig næring slik at dei både kan opererast og få styrke til å bli frisk att i etterkant.

Fusa sokneråd oppmodar alle i Fusa sokn som har høve til det å vere med på innsamlingsdugnaden. Bruk gjerne giroen i bladet, eller Vipps til Fusa sokn (kategori «Brannskadde barn» nr. 699949). Gåver på kr.500,- og meir gjev rett til skattefrådrag.

Fusa sokneråd



Kjære FUSA-venner

Vi vil med dette sende dere alle en hjertelig hilsen fra oss i Etiopia. Vi er begge i Etiopia nå, ankom for 2 uker siden. Den 3-4 måneder lange regntiden er over. Det er grønt og frodig overalt i høylandet.

Men slik er det ikke nødvendigvis alle steder i dette store landet. For noen dager siden fikk vi høre om alvorlig tørke i Borana regionen langt sør i landet. Buskapen mange steder bukker under grunnet manglende beitemarker.

Vi kan heller ikke legge skjul på at det er andre mørke skyer som varsler vanskelige tider for folket. Konflikten i nord Etiopia har ringvirkninger flere steder i landet, ikke minst i området rundt Hagere Mariam, 45 mil sør for Addis Abeba. Opprørere har skapt mye uro rundt byen. Vi har innstendig blitt oppfordret til ikke å reise dit nå av sikkerhetsmessige grunner. Sist jeg besøkte Hagere Mariam, var i begynnelsen av juli 2021.

Til tross for dette, er det en glede å melde fra om at arbeidet på sykehusa i sør Etiopia bærer frukt.

Arba Minch Burn Unit:

Ved sykehuset i Arba Minch er den nye Burn Unit ferdig. Avdelingen som rommer 9 senger har vært i drift et halvt års tid. Avdelingen har 6 sykepleiere. Dr Desta Galcha er plastikkirurg og har daglig mer enn nok av oppgaver.

Ved en nyopprettet avdeling, er det alltid nok av oppgaver å støtte. Dr Desta er for tiden eneste plastikkirurg. Fra januar 2022 kommer plastikkirurg nr 2 - Dr Efrahim Gashaw som avlegger siste eksamen i desember. CBWCF har støttet utdanningen hans de siste 3 årene.

Barn med brannskader har sine utfordringer på flere felt. Mange av barna kommer seint til behandling, er ofte underernærte grunnet de store sårflatene og har dertil dårlig matlyst. God ernæring over 2 – 3 uker er ofte starten på behandlingen før kirurgi kan utføres.



Næring er heilt nødvendig, normalt nokre veker før operasjonar pga at borna ikkje er sterke nok til å gjennomføre inngrepa. Etter operasjon treng dei framleis næring slik at dei får styrken tilbake og såleis kan gå og bevege seg. Slik mat er diverre mangelvarer, og vi i Fusa vil difor bidra til at pasientane får nødvendig mat og næring.

CBWCF har inngått avtale med sykehuset om å gi ekstra støtte til ernæring for flere av disse barna. I tillegg vil vi støtte de foreldrene som ikke har råd til å ha barna på avdelingen grunnet fattigdom. Vi er svært takknemlige for å kunne være dem til hjelp.

2 av våre erfarne sykepleiere fra avdelingen i Addis har vært på undervisningsoppdrag i Arba Minch 3 ganger siden august. Opplæring av personalet er av største betydning for å hjelpe avdelingen i gang.

Jeg fikk være med på en besøksrunde for en uke siden. 2 av de 7 pasientene som lå på avdelingen ble tilbudt behandling på avdelingen vår i Addis. Den ene, Yamilla på 7 år, har store brannskader på begge hofter, lår og ligger med begge knær bøyd i 90 grader grunnet arrvev. Hun må gjennom flere operasjoner og blir nok liggende hos oss til ut 2021. Yamilla skal på operasjonsbordet i morgen, 1. November. Den andre er lille Weto på 15 mndr med store skader i nakke og rygg. Legger ved noen bilder av dem begge. Weto gjennomgikk første operasjon fredag 29 / 10.

Hagere Mariam Burn Unit:

Anteneh Habtamu vil de fleste av dere huske fra tidligere. Til tross for mange utfordringer, står Habtamu på



med de ressurser han har. Sykestua hans er full av pasienter kan han fortelle.

Det er en glede å meddele dere alle at det nå ser ut til at Hagere Mariam Hospital om ikke lenge skal få sin egen nye Burn Unit. CBWCF sin gode støttegruppe i Uppsala, Sverige, har skaffet sponsorer til et nybygg. Det er nesten uvirkelig, men likefullt en realitet.

I tillegg til denne gode nyheten, er det også andre internasjonale organisasjoner som har fattet stor interesse for det arbeidet CBWCF har vært engasjert med. Dette vil vi skrive mer konkret om ved neste anledning.

Vi vil med dette sende dere i ”gamle Fusa” en stor og hjertelig takk for alle de år dere har stått sammen med oss, både gjennom Bruktbua, ulike arrangementer, gjennom kirka og ellers gjennom forbønn og mange ulike oppmuntringer.

Vi ser fram til å fortsette dette gode samarbeidet for å nå ut til enda flere barn som voksne som trenger medisinsk hjelp og støtte til å klare sin hverdag.

Må Gud velsigne dere alle rikelig

De beste hilsener

Lillian-Rose og Einar, Addis Abeba

Hans Petter Schjelderup, Styreformann



Sidan sist

Til kyrkje i gamle dagar

I anledning at det er 100 år sidan kyrkjebladet kom ut første gongen, vart det arrangert gamledagarsgudstenete i Hålandsdalen søndag 24. oktober. Liturgien var frå 1920, salmane var frå Landstads salmebok og kyrkjelyden hadde kledd seg i tidsriktige antrekk – damene på venstre side i kyrkjeskipet, herrane på høgre. Det einaste som gav eit hint om at me eigentleg var i 2021, var at det var kapellan Anette Emilie Gangstø som forretta gudstenesta. Det var ikkje kvinnlege prestar i Den norske kyrkja i 1920, men til gjengjeld hadde ho kledd seg i tidsriktig, svart prestekjole og pipekrage.

Bakerst i kyrkja hang ei dåpskjole-utstilling med fleire 100 år gamle dåpskjolar og huer frå Fusa-bygdene. Stor takk til dei som lånte ut kjolane så alle fekk sjå dei!

Etter at lærar Herleiv Rolfsnes, i lensmannen sitt sjukefråvær, hadde lese kunngjeringar frå 1920 og 2021 på kyrkjetrappa, bar det i flokk og følgje ned til Eidegrend klyngetun for inntak av kyrkjekaffi og kake.



Eit flott knippe kyrkjegjengarar klare for gudstenete.



Karane sit på høgre sida i kyrkja.....



..... medan damene må sije på ventre.



2021 møter 1920; kapellan Anette-Emilie i tidsriktige presteklè.



Staseleg kyrkjekaffi på Eidegrend klyngetun.

Sidan sist



Det er ikkje måte på kva mannfolka kan diska opp med berre motivasjonen er på topp! Her er matbordet som vart servert på **Kvinnelunch** laurdag 23. oktober.



Gutane i **Noah** kjempar om å bli Mesternes Mester.



Verdas beste fleskepannekake, steikt på bål av gutteklubben **Noah**.



Ein strålende gjeng på **Songbuketten** på Nordtveit! Songbuketten treffest om lag annakvar mandag til song og aktivitetar.



Nokre i **diakonigruppa** klare til å reisa rundt med korgar – ei oppmuntring til dei som dagleg står på for å skapa gode skular og barnehagar for barn i Fusa.



Fjord`n barnekor er i full sving – Du kan m.a. høyra dei på julegateopninga på Fjord`n senter fredag 26. november.



Senior-Alpha går jamt og trutt, annakvar torsdag kl. 12.00. Godt oppmøte, god undervisning og godt fellesskap!



Jule- og adventskonsertar i Fusa-kyrkjene

I år er verkeleg året for å gå på julekonsertar i Fusa-kyrkjene. Heile 7 lokale arrangement blir presentert for oss der me skal få høyra variert julemusikk og sjølve få delta i allsang. Prioriter gjerne julekonsertar i år – Velkommen til kyrkja!



Fredag 3. desember kl. 19.00 i Hålandsdal kyrkje

Tradisjonell lokal julekonsert. Du får m.a. høyra Bjørnafjorden Jazzensemble, songgruppe frå Fusa Soul Children, Strandebarm Songlag, Elise-Hilde Eide Tveit og Synnøve Austestad. *Gratis inngang, kollekt til Kirkens Nødhjelp.*

Fredag 10. desember kl. 19.00 i Strandvik kyrkje

Norheimsund og Øystese Ungdomskor med orkester framfører konsertversjonen av deira nyleg innspelte juleplate «Når freden lander stilt». Orkester, solistar og kor er klare til å ta deg med på ei reise tilbake til den første julenatta i Betlehem, gjennom ei blanding av nye og gamle julesongar. Koret måtte p.g.a. korona-restriksjonane avlysa den annonserte påske-konserten i Strandvik tidlegare i år, men glør seg over å no kunna framføra det heilt nye juleprogrammet sitt. *Gratis inngang, kollekt.*



Søndag 12. desember kl. 18.00 i Strandvik kyrkje

Tradisjonell lokal julekonsert. Her deltek m.a. Holmefjord Musikklag, kammerkoret Takt og Tone, Victoria Skarstein Bakka og Songtrioen Shofar. *Gratis inngang, kollekt til Kirkens Nødhjelp.*



Fredag 17. desember kl. 19.30 i Hålandsdal kyrkje

Sidan 2016 har den lokale gruppa «Walking Fields» halde saman. Dei har sine musikalske røter plassert i landskapet mellom Toto, Bee Gees, Abba, Eva Cassidy og samstundes luktar dei ofte på både jazz og storbandsjangeren. På denne konserten byr dei på julemusikk frå ulike tradisjonar, frå The Great American Songbook til norske tradisjonslåter. Alt servert på Walking Fields-måten. Gruppa består av Børje Grøndal Skåtun, Synnøve Austestad og Fredrik Schmidt Fotland. Med seg har dei Walking Fields Band, bestående av Sigbjørn Sjursen, Magne Skåtun og Daniel Vagstad. *Billettar til konsertane finn du på www.walkingfields.no*



Laurdag 18. desember kl. 17.00 i Fusa kyrkje

Tradisjonell lokal julekonsert. Kom og høyr Eikelandsfjorden Musikklag, mannskoret Korallrevene, Kor(t)pusten, Tyra Fosheim Eide og Frida Solheim, m.fl. *Gratis inngang, kollekt til Kirkens Nødhjelp.*



Søndag 19. desember kl. 16.30 i Fusa kyrkje

«Nine lessons and carols» - ni lesingar og julesongar. Denne tradisjonen begynner å få lang fartstid i Fusa, men er eigentleg ein engelsk tradisjon. Her vil me få lesing av ni profetiar i bibelen om Jesu fødsel. Mellom lesingane blir det veksling mellom song av koret Sine Nomine og allsang. *Gratis inngang, kollekt.*

Onsdag 22. desember kl. 19.30 i Strandvik kyrkje

Konsert med «Walking Fields». Sjå omtale og info. på «fredag 17. desember Hålandsdalen kyrkje».

Gudstenester i Fusa sokn

21.11.2021 - 20.02.2022

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
November				
21.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
21.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kristi kongedag
21.11.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Kristi kongedag
28.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
28.11.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
Desember				
05.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i advent
12.12.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	3. søndag i advent
19.12.	16:30	Fusa kyrkje	9 lessons and carols	4. søndag i advent
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh.senter	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	15:00	Holmefjord	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nyttårsaftan
Januar				
02.01.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Kristi openberringsdag
09.01.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2.søndag i openberringstida
16.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3.søndag i openberringstida
16.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	3.søndag i openberringstida
16.01.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	3.søndag i openberringstida
23.01.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i openberringstida
30.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	5.søndag i openberringstida
30.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	5.søndag i openberringstida
Februar				
06.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	6.søndag i openberringstida
06.02.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	6.søndag i openberringstida
13.02.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Såmannssøndag
20.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklåringsdag
20.02.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Kristi forklåringsdag

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

Fusa kyrkje

17.10.2021 Nathaniel Bråten Tveit

Sævareid kapell

17.10.2021 Jonas Haugen Norheim

Hålandsdalen kyrkje

30.10.2021 Amira Ibrahim



Gravferd

Fusa kyrkje

13.10.2021 Kristina Marie Boge, f. 08.04.1916

15.10.2021 Julie Ingvarda Dysvik, f. 19.06.1918

05.11.2021 Egil Norvald Holmefjord, f. 07.10.1927

Hålandsdalen kyrkje

29.09.2021 Herborg Bakke, f. 03.01.1930

08.10.2021 Annanias Tombre, f. 20.12.1923

28.10.2021 Olaug Andrea Tombre, f. 14.02.1925



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Gjer døri høg, gjer porten vid!
Sjå, Kristus kongen til deg rid!
Han råder over alle land
og er all heimsens Frelsar sann.

Å, sælt det land, det hus, den gard
kor denne drott til herre har!
Ja, sælt det hjarta og det sinn
der denne kongen no stig inn!



Foto: Knut Revne